



SANDE KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Utval: Kontrollutvalet
Møtestad: Rådhuset, Larsnes

Dato: 10.10.2019
Tid: 08.00 – 10.30

Faste medlemmar som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Olav Myklebust	Leiar	Sp.
Linda Solveig Dyrhol	Nestleiar	V
Gro Brandal	Medlem	AP

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn		
Wenche Gjerde Sætre	Medlem	H
Asbjørn Støylen	Medlem	Tvp

Varamedlemmar som møtte:

Namn		
Torbjørn Kjetil Rekdal		Frp
Åshild Nes Myklebust		Sp.

Frå Vest kontroll møte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar
Karoline Sighaug	Konsulent

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS (SSKR IKS):

Namn	Stilling
Haldis Moltu	Oppdragsansvarleg revisor.

Frå kommuneadministrasjonen og politisk hald møte:

Namn	Stilling
Trond Arne Aglen	Rådmann I sak 22, 23 og 24

SAKLISTE

- SAK 18/19 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLL
- SAK 19/19 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE
- SAK 20/19 MELDINGAR
- SAK 21/19 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2019
- SAK 22/19 ORIENTERING OM VATN HAUGSHOLMEN - STORHOLMEN
- SAK 23/19 ORIENTERING OM KOSTNADSFORDELING – GYMSALEN LARSNES
- SAK 24/19 EVALUERING AV KONTROLLUTVALET
- SAK 25/19 BUDSJETT FOR KONTROLLUTVALET 2020
- SAK 26/19 SELSKAPSKONTROLL SSR IKS
- SAK 27/19 REVISJONSPLANLEGGING 2019 – FINANSIELL REVISJON
- SAK 28/19 UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
18/19	033	21.06.2019	10.10.2019	KS

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Samrøystes vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
19/19	049	21.06.2019	10.10.2019	KS

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 30.04.2019.

Vedlegg

1. Møteprotokollen frå møtet 30.04.2019.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
20/19	033&17	27.09.2019	10.10.2019	KS

MELDINGAR

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

Vedlegg

1. Saksdokument «Årsmelding for kontrollutvalet 2018».
2. Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS «Vurdering av uavhengigheit».
3. Frå bladet kommunerevisoren nr. 4. 2019 « Endringer av selskapsavtaler for interkommunale selskaper».
4. Norsk Lovtidend, av 17.06.2019. Forskrift om kontrollutvalg og revisjon.
5. Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven). Kapittel. 23. Kontrollutvalgets virksomhet.
6. Vestlandsnytt, av 27. august 2019. Sande «friskmeldt» etter tilsyn.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
21/19	033&58	27.09.2019	10.10.2019	KS

GJENNOMGANG MØTEPROTOKOLLAR 2019

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har på nåverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

Saksopplysning

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Sande kommune si heimeside -

<https://innsyn.ssikt.no/sande/Dmb?page=2640,9882&lang=1>

Møteprotokollar til gjennomgang (feit skrift):

Administrasjonsutvalet	14.05			
Eldrerådet	06.05	29.08		
Formannskapet	14.05	11.06	13.08	03.09
Helse- og oppvekstutvalet	08.05	28.08		
Kommunestyret	21.05	18.06	13.08	24.09
Næring-, teknisk- og miljøutvalet	08.05	28.08		
Råd for likestilling av funksjonshemma	07.05	29.08		
Ungdomsrådet	24.05	05.06	18.06	
Valstyret	30.04	09.09	10.09	

SSR IKS – styret

SSR IKS – representantskapet

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
22/19	047	27.09.2019	10.10.2019	KS

ORIENTERING OM VATN HAUGSHOLMEN – STORHOLMEN

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek orienteringa frå rådmannen til vitende.

Vedlegg

Saksopplysningar

Rådmannen orienterer i møtet.

I møtet

Rådmannen orienterte grundig og svara på spørsmål.

Haugsholmen:

Flg. var opplyst: Saka er politisk behandla. Det er teke forbehold om at mange nok knyter seg Det er lagt leidning til sjøen på Klovningen (Hakallestranda). Traseval i sikker sone og dimensjon vert vurdert. Jobbar med å finne firma som er kvalifiserte til å utføre jobben, dvs. kravsspesifikasjon. Ved legging er ein avhengig av tilfredstillande ver.

Storholmen:

Noverande vassleidning er lagt og kosta av private. Det er ikkje fastbuande på Storholmen. Det er prosess i gong med Storholmen AS (Jarle Støylen). Leidninga er av dårleg kvalitet har tidvis ute av funksjon då den ofte har lekkasje. Det ligg føre søknad til kommunen om å overta. Kommunen må sta standpunkt til dette, eller om dei heller vi legge ny leidning eller ikkje engasjere seg.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
23/19	047	27.09.2019	10.10.2019	KS

ORIENTERING OM KOSTNADSFORDELING - GYMSALEN LARSNES

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet tek orienteringa frå rådmannen til vitende.
2. Kontrollutvalet ber om ny orientering innan 30.06.2020.

Vedlegg

Saksopplysningar

Rådmannen orienterer i møtet.

I møtet

Rådmannen orienterte grundig og svara på spørsmål:

Problemstillingane knyter seg til momskompensasjonen i høve til bruken og den øvrige finansieringa der kommunen og Larsnes Idrettslag ikkje har funne fram til ei endeleg løysing. Dette også sett i lys av kommunen sine behov for meir areal til skulen/undervisning. Rådmannen har politiske vedtak å halde seg til for oppfølging så lenge det ikkje er gjort nytt vedtak.

Han skal no ha møte med leiaren i Idrettslaget for å kome vidare for at saka skal få ei endeleg løysning.

Habilitetsproblematikken for personar i kommuneadministrasjonen og det politiske miljø i høve idrettslaget vart og nemnt. Her må forvente ryddigheit framover, ikkje minst for kommunen sitt omdøme.

Vara til kontrollutvalet Torbjørn Rekdal senior, hadde på førehand sendt inn tre spørsmål som rådmannen svara nei på alle tre:

Spørsmål:

1. Har Sande Kommunestyre gjort eit vedtak der Larsnes IL skal vere med å betale Sløydsal på Larsnes skule?
2. Har Sande Kommunestyre gjort eit vedtak der Larsnes IL skal vere med å betale Klasserom på Larsnes Skule?
3. Har Sande Kommunestyre gjort vedtaka der Larsnes IL skal vere med å betale Oppussing av gamle gymnastikksal?

Rekdal var også til stader i kontrollutvalsmøtet som innkalla vara.

Kontrollutvalet vil ha ny orientering om status innan 30.06.2020.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
24/19	033	27.09.2019	10.10.2019	KS

EVALUERING AV KONTROLLUTVALET

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at det blir gitt tilbakemelding til kontrollutvalssekretariatet innan 31.10.2019.
2. Kontrollutvalet vonar evalueringa vil bidra til ei god tilrettelegging for kontrollutvalet i kommande valperiode.

Vedlegg

1. Skjema for evaluering av kontrollutvalet
2. Side 77-80 frå kontrollutvalsboka

Saksopplysningar

Ei av dei viktigaste oppgåvene til kontrollutvalet er å være ein pådrivar for læring og utvikling i kommunen vår, det kan difor være nyttig for kontrollutvalet å evaluere eget arbeid. Kontrollutvalsperioden går mot slutten og det er viktig å leggje til rette for erfaringsoverføring til neste kontrollutval.

Kapittel 11 i kontrollutvalsboka omhandlar «Oppfølging og evaluering» av kontrollutvalet, sekretariat og revisjonen sitt arbeid. No er snart valperioden 2016-2019 ferdig og det kan, etter sekretariatet si meining vere bra at det vert gjennomført ei evaluering av det arbeidet kontrollutvalet har gjort i denne valperioden.

Skjema ligg ved. Ordførar og rådmann er også invitert til å vera med i ei slik evaluering.

I møtet

Jostein Støylen orienterte og svara på spørsmål om saka.
 Kontrollutvalet satt ny innleveringsfrist: 31.10.2019.
 Rådmanne gikk under saka.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
25/19	151	27.09.2019	10.10.2019	JS/KS

BUDSJETT FOR KONTROLLUTVALET 2020

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet ber kommunestyret løyve minst kr. 50.000,- til fri disposisjon for kontrollutvalet i budsjett for 2020. Leiar og møtegodtgjersle kjem i tillegg.

Vedlegg

Ingen.

Saksopplysningar

Budsjett for Vest kontroll – sekretariat for kontrollutval vert vedteke av styret for selskapet (samarbeidet). Dette budsjettvedtaket legg rådmannen inn i kommunebudsjettet.

Sekretariatet er det utøvande lekk for kontrollutvalet.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet skriv mellom anna dette i Kontrollutvalsboka (2016):

«Det er avgjerande for godt kontrollarbeid at kontrollutvalsmedlemer blir sette i stand til å utøve vervet sitt på ein god måte: Kommunestyret bør sørge for at det er tilstrekkeleg budsjett til at kontrollutvalsmedlemmene kan delta på kurs og konferanser.»

«Kommunestyret er ansvarleg for at kontrollutvalsmedlemmene og varamedlemmene får tilstrekkeleg opplæring i sine kontroll- og tilsynsoppgåver.»

«Kontrollutvalet bør sørge for at medlemmene (både faste og vara) får tilstrekkeleg opplæring. Det vil vere nyttig at utvalet held seg orientert om arrangement i regi av bransjeorganisasjonar og foreningar, og sjølv tek initiativ til kurs medlemmene har trong for» I tillegg til den grunnleggjande opplæringa er det viktig at kontrollutvalet held seg oppdaterte. Dette er ein kontinuerlig prosess som det må løyvast midlar til.

For å gi kontrollutvalet gode arbeidsvilkår må kommunestyret stille naudsynte ressursar til disposisjon. (Kontrollutvalsboka 2016:16) Difor må kontrollutvalet ha sitt eige budsjett som mellom anna skal dekkje opplæring, kurs/konferansar, litteratur m.m.

Dette gjer at kontrollutvalet må be kommunestyret om budsjett i 2020 pålydande minst kr. 50.000,-.

Større særskilde tiltak/saker slik som granskning og større forvaltningsrevisjonar er halde utan om dette budsjettet. Her gjeld hovudregelen om at kontrollutvalet i førekant søker kommunestyret for å få løyvd nødvendige midlar.

Budsjettframlegget til kontrollutvalet kan berre endrast av kommunestyret.

«Grunnen til at budsjettet til kontrollutvalet er i ei særstilling, er at utvalet skal vere fritt og uavhengig av dei organa som utvalet skal kontrollere. Det er uheldig om administrasjonen eller eit organ som kontrollutvalet skal kontrollere og ha tilsyn med, til dømes formannskapet eller administrasjonsutvalet, får innverknad på budsjetttramma til tilsynsorganet. (Kontrollutvalsboka 2016:16)

Budsjettframlegget til kontrollutvalet skal uendra følgje det samla budsjettframlegget til kommunestyret, slik at kommunestyret ved budsjetthandsaminga har informasjon om både kontrollutvalet sitt framlegg og formannskapet si innstilling til budsjett.

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
26/19	217	30.09.2019	11.10.2019	JS/KS

SELSKAPSKONTROLL AV SSR IKS

Samrøystes innstilling

1. Kontrollutvalet tek rapporten frå selskapskontroll (eigarskapskontroll, budsjettstyring, innkjøp – innkjøpsrutinar/innkjøpspraksis og forvaltningsrevisjon), utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS til vitende.
2. Kommunestyret vil peike på at vedtekne rutinar skal følgjast og kommunen sine representantskapsmedlemer har som eigarrepresentantar eit spesielt ansvar for oppfølginga overfor selskapet.
3. Kommunestyret ber representantskapet (kommunen sine representantar) og selskapet sine organ (styret og dagleg leiar) følgje opp det som kjem fram i rapporten og set i verk dei

tiltak som er nødvendige for å tilfredstille gjeldande regelverk. Sjå revisor sin vurdering/konklusjon.

4. Representantskapet og selskapet sine organ gir tilbakemelding til kommunestyret med kopi til kontrollutvalet innan 15.03.2020.

Vedlegg

Selskapskontroll, utarbeidd av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, av 26.08.2019.

Saksopplysningar

Kontrollutvalet i eigarkommunane Hareid, Herøy, Ulstein og Sande har gjort vedtak om selskapskontroll for perioden 2015-2017, utvida til 2018, i Søre Sunnmøre Reinhaltsverk IKS.

Søre Sunnmøre Reinhaltsverk IKS (SSR IKS) er eit interkommunalt renovasjonsselskap som leverer renovasjonstenester til eigarkommunane sine innbyggjarar (hushald) i tillegg til næringsaktivitet (off. og privat verksemdar).

Selskapskontrollen er delt i fire deler:

Eigarskapskontroll (Del 2 frå side 15)

Eigarskapskontroll er avgrensa til å vurdere om den som utøver kommunen(e) sine eigarinteresse (representantskapet) utøver dette i samsvar med kommune(e) sitt vedtak for eigarstyring, om selskapet sine vedtekter/selskapsavtale og lovverk (lov om interkommunale selskap) vert følgd.

Budsjettstyring (Del 3 frå side 23)

Ei undersøking for vurdering kring budsjettstyring ved investeringsprosjekta.

Innkjøp – innkjøpsrutinar/innkjøpspraksis (Del 4 frå side 26)

Ei undersøking for vurdering av innkjøp – innkjøpsrutinar.

Forvaltningsrevisjon (Del 5 frå side 35)

Forvaltningsrevisjon kring sjølvkostområdet – om rekneskapsføringa er tilfredstillande, skilje hushaldning-næring, og inndecking av underskot næring.

EIGARSKAPSKONTROLL

Vert vedtekne rutinar kring eigarskapsstyringa følgd? - Revisjonen si vurdering/konklusjon.

(Pkt. 2.1.2 side 17).

- Eigarstrategi for Søre Sunnmøre Reinhaltsverk IKS vart behandla/godkjent i Herøy 29/9-16 (K 146/16), Ulstein 27/10-16 (PS 16/81), Sande 8/11-16 (PS 72/16) og Hareid 15/12-16 (PS 101/16).
- Når det gjeld kommunane sin oppfølging av vedtekten Plan og retningslinjer for selskapskontroll 2016-2019, er det berre to kommunar (ordførar/og adm) som har kome med tilbakemelding på korleis rutinane har fungert, trass puring 27/6-19. Det er ikkje undersøkt om manglande tilbakemelding har si årsak i manglande rapportering til kommunestyret i h.h.t plan og retningslinjer. Spørjeskjema til kommunen sin eigarskapsrepresentant med tilbakemelding /manglande tilbakemelding sjå vedlegg 1UL; 1HA, 1HE og 1 SA som gjeld dei respektive eigarkommunane.

- Eigarkommunane er representert i selskapet i samsvar med selskapsavtalen § 6, og berre valte representantar har deltate i selskapet sitt representantskap sjå vedlegg 2.
- Styret er valt av representantskap i samsvar med selskapsavtale, og medlemmar i styret er ikkje samanfallande med representantskapsmedlemmer. Selskapet har tilfredstillande kjønnsbalanse i styret.
- Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS har vedteke etiske retningslinjer (2012) og etablert rutinar kring varsling av kritikkverdige forhold (2017). det kan vere vanskeleg for ein tilsett å vurdere kva instans varslinga skal sendast til når det ikkje skal gå til ein fast utanforståande instans.
- Selskapet etablerte system og rutine for kvalitetssikring, eller avviksrapportering hausten 2014. det vart registrert 18 hendingar i 2018 og registrert to hendingar pr. juli 2019.

Er selskapsavtalen dekkande for IKS-lova? - Revisjonen si vurdering/konklusjon.
(Pkt. 2.2.2 side 17).

Selskapsavtalen settar krav i lov om interkommunale selskap, og endringane som er gjennomførte er ikkje i strid med denne.

Vert selskapsavtalen følgd på utvalte områder? - Revisjonen si vurdering/konklusjon.
(Pkt.2.3.1.2 side 18).

Det er ikkje avdekka manglar, og selskapsavtalen vert følgd på ovannemnde områder.

Selskapsavtalen § 8 saker til behandling i representantskapet - revisjonen si vurdering/konklusjon.

(Pkt.2.3.2.2 side 19).

- Årsrekneskapen er behandla i samsvar med selskapsavtalen
- Avfallsgebyr hushaldning har vore til behandling i samband vedtak om årsbudsjett og økonomiplan, og er sendt kommunen for vidare behandling
- Låneopptak er behandla av representantskapet, sjå også pkt.2.3.3.
- Det kan stillast spørsmål ved uavhengigheit til revisor pga. betydeleg omfang konsulentbistand.
- Representantskapet har gjort vedtak om å stifte eit 100% eigd dotterselskap i 2017, for handtering av næringsavfall. SSR handterer fortsatt næringsavfall jfr. årsrekneskapen pr. 2018, så antek selskapet ikkje er etablert.

Selskapsavtalen § 12 Investeringar - revisjonen si vurdering/konklusjon.

(Pkt.2.3.3.2 side 20).

Selskapsavtalen heimlar ei låneramme på 80 mill pr. 31.12.15. Det vart i mai 2015 gjort vedtak om låneopptak på 63 mill. langsiktig gjeld pr. 01.01.15 var på 16,8 mill, dvs. samla lån og vedtak på 79,8 mill. Det antas at dette var innanfor selskapsavtalen si låneramme på dette tidspunktet.

Langsiktig gjeld pr. 31.12.15 var 37 mill, men det var då utbetalt lån på 21 mill. Det går ikkje fram av informasjon eller note til rekneskapen om denne utbetalinga gjaldt deler av låneopptaket frå mai 2015 (deler av dei vedtekne nyinvesteringane) eller andre tidligare investeringar. Investeringar i 2015 i flg. Rekneskapen viser 14,4 mill herav 11,6 mill til bygg/anlegg. Dette kan tyde på enten betydeleg forskot av låneopptak, eller på etterskot med andre finansiering (finansiering av tidlegare år investeringar).

Vedtak i 2015 om nye investeringar med lån på 63 mill var innanfor selskapsavtalen si låneramme. Men allereie i mars 2016 R-sak 3/16 var det gjort vedtak om tilleggsbevilgning på

investeringar med 10 mill, og ytterlegare tilleggsbevilgning i nov R-sak 17/16 med 10 mill. selskapsavtalen med endra ramma til 100 mill vart først vedteken endra frå 01.01.2017.

Langsiktig gjeld pr. 31.12.2017 utgjorde 97 mill og er innanfor ramma m.h.t. opptak av langsiktig gjeld. Langsiktig gjeld pr. 31.12.2018 utgjorde 94 mill.

Det må nemnast at likviditetsbuffer /OM-KG) pr.31.12.2015 utgjorde 3,8 mill mot pr.31.12.2018 på -14 mill., negativ likviditetsendring på 18 mill. leverandørgjeld i 2018 på 9 mill mot leverandørgjeld på 5 mill. Sjølvkostfondet (innbyggjarane sine fond) 9,5 mill mot bankinnskot på berre 4 mill.

Selskapsavtalen § 13 Selskapsstrategi - revisjonen si vurdering / konklusjon.

(Pkt. 2.3.4.2 side 21).

Strategiplanen har vore til handsaming i gjeldande valperiode 2015-2019.

Den vedtekte strategiplanen legg opp til eit sjølvkostfond på min 6 mill. Årsrekneskapen 2018 med tilhøyrande note viser sjølvkostfond på 9,5 mill. I 2017 var dette 10,1 mill og året før (2016) 15,6 mill., dvs. ei betydeleg oppløysing/bruk på 5,5 mill i 2017 pga. underskot hushald. I flg. Årsmeldinga skuldast dette ekstraordinære av- og nedskrivningar samt tidlegare års feilføringar. Næringsaktiviteten gjekk med betydeleg overskot både i 2017 og 2018. sjå forvaltningsrevisjonen pkt. 5.2.2.8 og 5.2.2.9.

Iflg. rettleiar for sjølvkost skal sjølvkostfondet balansere over 3-5 år periode, og det kan stillast spørsmål ved om strategiplanen er i samsvar med rettleiar for sjølvkost, når det vert lagt opp til at sjølvkostfondet skal vere minimum 6 mill.

Selskapsavtalen § 14 årleg eigarmelding - revisjonen si vurdering / konklusjon.

(Pkt. 2.3.5.2 side 22).

Årsmelding eller eigarskapsmelding er sendt til kommunane. Når det gjeld behandling i kommunane sjå tilbakemelding i høve kommunane sin eigarskapskontroll og oppfølging av den.

BUDSJETTSTYRING

Budsjettstyring - revisjonen si vurdering / konklusjon.

(Pkt. 3.2 side 25).

Byggerekneskapane som administrasjonen har utarbeidd viser følgande:

- Saunesmarka 1: meir forbruk på kr 765` (0,8mill), eller 2,4%
- Saunesmarka 2: meir forbruk på kr 3,3 mill eller 16,4%
- Mjølstadnestet: meir forbruk på kr 195` (0,2 mill), eller 1,9%
- Myklebustmyrane: meir forbruk på kr 1,1 mill eller 10,0 %

Det går fram av objektrekneskapen som er grunnlaget for byggerekneskapen at det er registrert kostnader (faktura) både på balansekonto (aktivering) og driftskonto. Det antas at sistnemnde høyrer til byggerekneskapen, men har blitt overført på feil konto og følgjeleg påverka driftsrekneskapen, og ikkje er aktivert. Jamfør. kontobruk på spesifiserte posteringliste og byggrekneskap.

Byggrekneskapen viser samla kostnader for desse 4 prosjekta på kr 77.932.580;- mot posteringslista som ligg til grunn for byggrekneskapen som viser kr 78.244.726,-.

Differansen gjeld 6 bilag i 2017 som er registrert utan objekt/prosjektnummer og utgjer til saman kr 312.146,-. Dette bør korrigerast slik byggrekneskapen viser rette tal.

Det går ikkje fram av selskapsavtale eller vedtak i representantskap at byggerekneskape(ene) skal til behandling i styre eller representantskapet, og bør vurdere å endre rutinane.

INNKJØP – INNKJØPSRUTINAR

Revisjonen si samla vurdering / konklusjon.

(Pkt. 4.11.2 Side 34).

Selskapet sjølv har vore på anbod m.h.t prosjekteringsleiing og byggleiing av nytt hovudanlegg. I følgje det som er lagt ut på Doffin framstod konkurransegrunnlaget som hovudentreprise på heile hovudanlegget (grunn, bygg, ventilasjon), og det var noko uklart kva innkjøpet skulle gjelde. Dette gjenspeiler seg i mange spørsmål frå potensielle leverandørar, og det vart utarbeidd to presiseringar til konkurransegrunnlaget jf. presisering «*anbodet skal innhalde all vidare prosjektering av byggteknisk arbeider, arkitektur og tekniske fag, samt prosjekt/byggleiing og SHA-koordinator.*»

Det ligg føre protokoll frå anbodopninga som viser kven som har delteke, men det går ikkje fram verken tilbodssum eller grunngjeving for valet av leverandør på denne tenesta, dvs. den øvrige dokumentasjonen i høve innkjøpsforskrifta ligg ikkje føre.

Dei fleste anbod/innkjøp (grunn, bygg og ventilasjon) gjennomført av det valte selskap for prosjekteringsleiing hadde ikkje utarbeidd innkjøpsprotokollar, men det var utarbeida protokollar frå anbodsopninga. Desse var mangelfulle som innkjøpsprotokoll, då dei viste verken kriterium, kva leverandør som var valt, eller grunngjeving for valet.

Selskapet må få på plass tilfredstillande rutinar i samsvar med lov om off. innkjøp med tilhøyrande forskrift, enten prosessen vert gjennomført i eigen regi eller sett bort til ekstern konsulent.

Vidare må det vurderast om bruken av tenester som konsulent, advokat og liknande. Er av eit omfang som tilseier det skulle vore på anbod.

FORVALTNINGSREVISJON

Problemstilling -

Følgjer selskapet lover og forskrifter for reinhaldsverk - spesielt tilhøva kring sjølvkost og fordeling av kostnadar mellom næring og hushald, samt handtering av sjølvkostfond.

5.1 Om rekneskapsføringa for 2017 er tilfredsstillande. Frå side 35

Revisjonen konkluderer slik:

(Pkt. 5.1.3 side 43).

Ved utarbeiding av nye og enklare fordelingsnøklar (frå 2012) går det fram av dokumentasjonen at m.a. diskusjonar vedr. resultatgrad har vore medverkande faktorar i samband med val av nye fordelingsnøklar. Resultatgrad skal aldri ha innverknad på «val» av fordelingsnøklar då det er dei faktiske forhold som skal leggjast til grunn og ikkje korleis fordelingsnøklar vil påverke ei ev. resultatgrad.

Nedskrivninga vedk. nedgravde løysingar på kr. 633` (som gjeld entreprenørkostnadar) må tilbakeførast sjølvkostfondet dersom nærmare undersøkingar viser at der er «utbygger» som skal betale dette. I så tilfelle må etablering av nye løysningar i 2017 og avskrivningar av tidligare anlegg tilbakeførast med den andel som er belasta sjølvkostfondet. Dersom

konklusjonen vert at hushaldning kan belastast kostnadar til etablering må det uansett korrigerast og aktiviserast slik tidlegare praksis var.

Investeringskostnadar før i drift med om lag kr. 650` må tilbakeførast sjølvkostfondet.

Det er ikkje gitt tilstrekkelege noteopplysningar om korrigeringar av renter (tidlegare års feil).

Utover ovannemnde er oppbygging/nedbygging sjølvkostfond i samsvar med regelverket pr. 31/12-17, men selskapet må vere merksam på det store «overskotet» frå 2014 som bør tilbakeførast til innbyggarane i 2019. Jfr. også at her kan vere andre forhold som det må korrigerast for, jfr. konklusjon under pkt. 5.2.3.

Vi vurderer elles at utover ovannemnde er rekneskapsføringa for 2017 i samsvar med gjeldande regelverk.

5.2 Inndekking underskot i næring 2010-2017. Frå side 43

Revisjonen konkluderer slik:

(Pkt. 5.2.3 Side 55-56).

I følgje rekneskapa vart siste rest av underskotet på næring inndekka i 2016. Gjennomgåande viser næring (i % av omsetning næring) langt høgare resultat (variert frå 14% til 33,6%) enn hushaldning (variert frå 3,9% til 14,1%) fram til og med 2016.

Etter 2016 har resultat næring i forhold til omsetning næring stabilisert seg på i overkant av 3%, medan resultat hushaldning har vore negativt. Trenden med negativ utvikling har såleis vore lik for dei to forretningsområda dei to siste åra, medan tidlegare år viser store variasjonar. Fram til og med 2014 var prisane høgare på næring enn hushaldning, og når det i flg. Dagleg leiar har vore billigare å levere næringsavfall til Grautneset forklarar det at næring har hatt eit betre resultat for desse åra. For 2015 vart det ein ulogisk brist for næring med stor auke i resultat trass nedgang i omsetning, medan det for hushaldning var omvendt. Næring har også i 2016 eit resultat i forhold til eiga omsetning som ligg vesentleg over hushaldning trass betydeleg reduksjon i gebyr næringsavfall.

I 2013 har det vore feil fordelingsnøkkel på det som gjeld avdeling 10, og feilen gjer at sjølvkostfondet er 519` for lavt, og eigenkapital tilsvarande for høg.

Det manglar noteopplysningar vedkomande korrigering av tidlegare års feil som gjeld gruppering av inntekter som er korrigert i 2018.

Rekneskapa for kontrollperioden viser at sjølvkostfondet feilaktig har vore belasta med 446` som gjeld renter driftskreditt. Dette er kostnadar som skulle vore belasta næring sidan det ikkje er anledning å belaste dette på sjølvkost, jfr ovanfor vedkomande andre forhold. Sjølvkost er belasta med 303` for mykje i samband med endring av prinsipp vedk. avskrivning tomter (belasta 2016, men gjeld åra 1980-2014). Regelendringa trådde i kraft i 2015, medan selskapet har gitt veiledaren tilbakeverkande kraft. Dette får verknad på næring ved at avskrivning reduserer sjølvkostfondet og aukar eigenkapitalen.

Sjølvkostrekneskapa har feilaktig vore belasta kostnader med nedgravde løysingar (før næringsunderskotet var inndekka) og det bør bereknast kor mykje dette utgjer. Avskrivningane som har vore for åra frå etablering i 2014 og til og med 2016 på det som gjald hushaldning må korrigerast.

Ser ein ovannemnde i samanheng med at overskotet på næring i 2016 (siste inndekkingsåret) var på vel 1 mill, ville overskotet på næring vore redusert med 446` (renter driftskreditt) og ev. reduksjon i skattekostnad som fylgje av dette, feil fordelingsnøkkel 2013 som utgjorde 519` og feil vedkomande avskrivning tomter på 303`, i overkant 1,2 mill. Dvs. at underskotet ikkje ville vorte inndekka i 2016, men seinare.

Etablering og avskrivning av nedgravde løysingar har vi ikkje berekna, men heile eller delar av det skulle vore ført mot næring og ikkje sjølvkost.

I tillegg kom det fram at det har vore feilføring av inntekter på næring som skulle vore på hushaldning, utgjorde 508` for åra 2014-2018, men detter retta opp i 2018 og såleis korrigert pr. 31.12.18.

Selskapet bør ta ein ny gjennomgang og korrigere for forhold som ikkje er i samsvar med regelverk og som ikkje har vorte retta opp.

DAGLEG LEIAR SI TILBAKEMELDING. Frå side 57, 58 og 59
Sjå i rapporten.

REVISJONEN SINE KOMMENTARER TIL DAGLEG LEIAR SI TILBAKEMELDING. Frå side 60.
Sjå i rapporten.

I møtet

Halldis Moltu orienterte og svara på spørsmål.

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
27/19	216	30.09.2019	10.10.2019	KS

REVISJONSPLANLEGGING 2019 – FINANSIELL REVISJON

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek til vitende Revisjonsplanlegging 2019 – finansiell revisjon, for Sande kommune, utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.

Vedlegg

- B-dokument. Dokument for revisjonsplanlegging - finansiell revisjon. Motteke 30.09.2019 (**Unnateke off. innsyn, jfr. offl. § 24.1, 13.1 jf. fvl. § 13 nr 2.**)
Vert sendt pr. post.

Saksopplysningar

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS ved oppdragsansvarleg revisor Halldis Moltu, har utarbeida eit planleggingsdokument for revisjonsarbeidet – finansiell revisjon for året 2019. Dette for å utføre ein forsvarleg revisjon. Dokumentet er i samsvar med regelverket.

Planleggingsdokumentet består av flg. dokument (som er **unnateke off. innsyn**):

- Oppdragsvurdering
- Beskrivelse av verksemda
- Risikoanalyse

- Fastsettelse av vesentlighetsgrense
- Bemanning og budsjettert forbruk

I den grad det er nødvendig vil revisor vil gå gjennom dokumentet på møtet, og svare på spørsmål. Møtet vert då lukka.

I møtet

Leiaren tok opp om det var behov for gjennomgang og spørsmål til B-dokumentet, i så fall må møtet lukkast. Under drøftinga kom det fram at det var behov for gjennomgang og spørsmålsstilling.

Kontrollutvalet vedtok samrøystes å lukke møtet under orienteringa og spørsmålsstilling til revisor, jf. Kommunelova § 31, nr. 5, jf. offl. § 24.1, 13.1 jf. fvl. § 13 nr. 2, då innsyn vil motverke revisjonen sin kontroll.

Revisor gjorde ein gjennomgang av planlegginga for finansiell revisjon.

Møtet vart opna igjen etter revisor sin gjennomgang.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:		Møtedato:	Saksbehandlar:
28/19	033	01.10.2019		10.10.2019	KS

UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL

Samrøystes vedtak

Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Gro Brandal

Møtet slutt.

OLAV MYKLEBUST
Leiar

GRO BRANDAL
Medlem

Utskrift til:

Kommunestyret som melding.

Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte.

Rådmann – til orientering.

Ordførar – til orientering.

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.